



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

JONDAL SKULE



**Vurderingstema: Tilpassa opplæring med fokus på
spesialundervisning**

21 – 25 februar 2011

Jondal skule
rektor: Jofrid K Espeland
Adresse: 5627 JONDAL
e-post: skule@jondal.kommune.no



Innholdsliste:

1. Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!	s.3
2. Fakta om skulen/vurderingstema.....	s. 5
3. Vurdering.....	s.6
4. Glansbilde.....	s.7
5. Sterke sider.....	s.8
6. Utviklingsområde.....	s
7. Vidare arbeid.....	s

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Dette sa elevane
5. Dette sa dei tilsette
6. Dette sa foreldra



1 - Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidsretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Jondal skule

Jondal skule er einaste grunnskulen i Jondal kommune. Skulen er ein kombinert barne- og ungdomsskule med 123 elevar og ligg i midt i kommunesenteret.

Skulen har gymnastikksal, symjehall, kunstgrasbane, ballbinge og bibliotek.

Skulen har tilbud om SFO – Skulefritidsordning, alle skuledagar.

Det er 28 tilsette på skulen, nokon i reduserte stillingar.

Herunder ligg assistentar, pedagogisk personale, vaskarar, kontor, vaktmeister, leiing.

Kontaktlærar:

Marta Bergstø	1. klasse
Oddveig Vetlesand	2. klasse
Jorunn Hammer,	3. klasse
Oddrun F.Mæland,	4. klasse
Truls Kaurin Ulseth / Andreas Storegjerde	5. klasse
Sarah Marie Røstbø	6. klasse
Margun M Tordal og Margit Torpe	7. klasse
Inger Torsvik	8. klasse
Gunlaug Flatabø Joakimsen	9. klasse
Jon Atle Aanderaa	10.klasse

Rektor: Jofrid Kårstad Espeland

Inspektør: Eirik Gulestøl

Rådgjevar: Ola Kåre Espedal

Koordinator innafor spesialpedagogikk: Margreta Eiken

Sosialpedagogiske oppgåver: Oddveig Vetlesand

Sekretær/konsulent: Elna Sofie Storegjerde

Timetalet til klassane:

1., 2. og 3. klasse går 24 timar i veka.

4. klasse går 27 timar

5.,6. og 7. klasse går 28 ½ time

8., 9. og 10 går 30 timar i veka.

Vurderingstema

Skulen sin visjon er:

Jondal skule skal vera ein god stad for alle. Me skal arbeida for eit skule- og læringsmiljø bygd på medansvar, fellesskap og trivsel.



I einingsplanen frå 2010 til 2013 har skulen mellom anna som mål og få til eit:
Godt læringsmiljø, høg kvalitet på undervisninga, meistring og god kunnskap, fokus på det grunnleggjande, gode styringssystem, endringsdyktig personale, fokus på brukaren og tilpassa opplæring

På Jondal skule har om lag 20% av alle elevane spesialundervisning, og på grunn av diskusjonar om ressursbruk og organisering av tilpassa undervisning/spesialundervisning kom leiinga ved Jondal skule med eit ynskje om å bli vurdert innan:

"Tilpassa undervisning med fokus på spesialundervisning"

3 – Vurdering



4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Kriterium	Teikn på god praksis
Elevane får tilpassa opplæring i ordinær undervisning	<ul style="list-style-type: none">- får varierte arbeidsoppgåver- arbeidsmåtene varierer- variasjon av organiseringa- tilpassa vanskegrad- elevane kjenner læringsmåla- læringsmåla er realistiske
Det er godt samarbeid mellom skule og ekstern spesialpedagogisk kompetanse	<ul style="list-style-type: none">- skulen gjev utfyllande informasjon om elevane- skulen er tydelege i bestillinga til ekstern kompetanse- ppt deltek regelmessig i spes. ped. team møta på skulen- skulen får det dei bestiller- skulen får sak-kunnig vurdering- vurderinga er til nytte for skulen- skulen oppfattar PPT som støttande samarbeidspartnar
Skulen samarbeider med dei føresette til beste for elevane	<ul style="list-style-type: none">- skulen rådfører seg med foreldra om elevane- foreldra kjenner læringsmåla- foreldra er med i utarbeidinga av måla i den individuelle læreplanen for sitt barn- Det er klart formulerte rutiner for når iop og halvårsrapport av iop skal vera klare.- skulen gjev foreldra konkrete / konstruktive tilbakemeldingar- det er dialog mellom skulen og foreldra- foreldra støttar skulen i læringsarbeidet- skulen informerer foreldra om korleis dei kan støtta
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- personalet har ei felles forståing av omgrepet "tilpassa opplæring"- skulen vurderer jamnleg organiseringa av spesialundervisning.- vurderer jamnleg kvaliteten på det spesialpedagogiske



Kriterium	Teikn på god praksis
	tilbodet
	- skulen kartlegg og vurderer den ordinære opplæringa
	- personalet som arbeider med spesialelevar er stabilt og
	- det er høg terskel for byting av dette personalet
	- ved skulestart er det tydeleg kven som har IOP-ansvar og ansvar for halvårsrapportar
	- skulen har klart formulerte rutinar for når IOP og halvårsrapport skal vera klar.
	- Karleggingsprøver og nasjonale prøver vert drøfta og får konsekvensar for vidare arbeid
	- Personalet har avsett tid til dette arbeidet
	- Skulen har gode fysiske tilhøve for fleksibel undervisning

5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet



Kriterium :Elevane får tilpassa opplæring i ordinær undervisning

- *får varierte arbeidsoppgåver*
- *arbeidsmåtene varierer*
- *variasjon av organiseringa*
- *tilpassa vanskegrad*



Elevane fortel om varierte arbeidsoppgåver og arbeidsmåter. Dei fortel også om variasjon i organiseringa, og at dei får oppgåver som er "passe lette og passe vanskelege".

Dei uttrykkjer at det er heilt naturleg at nokon treng meir hjelp enn andre og får einetimar.

Dei elevane som får spesialundervisning seier at dei lærer meir når dei får ekstra hjelp, og at det er lettare å konsentrera seg.

Det er godt samarbeid mellom skule og ekstern spesialpedagogisk kompetanse

- skulen får sak-kunnig vurdering
- skulen får det dei bestiller

Av dei intervjuja lærarane gav alle uttrykk for at den sak-kunnige vurderinga som vart gjeven av den spesialpedagogiske tenesta var både grundig og målretta. Vurderinga var og til nytte for skulen og vart brukt i planlegginga av individuell opplæringsplan.

Det blir gjennomført ansvarsgruppemøter der den sakkunnige vurderinga blir gjennomgått med føresette, spesiallærer og andre involverte.

-Det er klart formulerte rutinar for når IOP og halvårsrapport skal vera klare

Administrasjonen har ansvar for at fristar vert haldne og at vurderingar, planar og rapportar vert sendt til dei ulike instansane og forsvarleg arkivert. Denne organiseringa fungerer godt, og det er orden på rutinar.

Skulen samarbeider med dei føresette til beste for elevane

- skulen rådfører seg med foreldra om elevane
- foreldra er med i utarbeidinga av måla i den individuelle læreplanen for sitt barn

I planlegginga av individuelle opplæringsplanar så er foreldra med på møter, dei får tilsendt eit forslag til opplæringsplan til sitt barn og kan vera med å utarbeida og justera på målsetningane. Føresette får heim eit utkast og til slutt godkjenner den individuelle planen.

- det er dialog mellom skulen og foreldra

Både foreldre, lærarar og tilsette meiner at det er låg terskel for å ta kontakt både heim – skule og skule -heim. Når det gjeld elevar som får spesialundervisning, er både foreldre, elevar og lærarar samde om at informasjonsflyten og kontakten mellom heimen og skulen er særst god.



I tillegg til planar og telefonsamtalar, er det kommunikasjon med både sms, e-mail og kontaktbok.

Elles såg me: Positive elevar som verka trygge og sette pris på undervisninga.

Engasjerte lærarar som hadde varierte arbeidsoppgåver

Kontorpersonale med varme og omsorg for både liten og stor



6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium: Elevane får tilpassa opplæring i ordinær undervisning

- *elevane kjenner læringsmåla*
- *foreldra kjenner læringsmåla*

Kunnskapsløftet s. 35, sitat frå opplæringslova



Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, kva fagleg utvikling elevane har i forhold til måla, og korleis heimen kan medverke til å fremme måloppnåinga deira. Vidare skal heimen ha informasjon om korleis opplæringa er lagd opp, og kva for arbeidsmåtar og vurderingsformer som blir brukte. Det må også leggjast til rette for at foreldre og føresette får nødvendige opplysningar for å kunne delta i reelle drøftingar om utviklinga av skolen.

(Oppl.l. § 1-2 og forskrift kap. 3)

Lærarane seier at foreldre og elevar får kjennskap til læringsmåla gjennom årsplanane, og at desse vert lagt fram og delt ut til dei føresette.

Sitat elevar:

- eg ser på måla og kva me skal gjera,
- lekse er viktigast
- av og til står det mål
- det står f.eks s.15 imatte

Fleire slike utsegner syner at elevane er noko usikre på kva me meiner. Ved gjennomgang av eit utval vekeplanar brukt ved skulen etter jul, finn me at læringsmåla i ulik grad er på plass. Fleire mål er "gjeremål", ei oppskrift på kva elevane skal gjera heime og på skulen.

Dette må skulen ha ein gjennomgang på, kva er eit læringsmål?

Det er godt samarbeid mellom skule og ekstern spesialpedagogisk kompetanse

- skulen er tydelege i bestillinga til ekstern kompetanse
- skulen får det dei bestiller
- skulen får sak-kunnig vurdering
- vurderinga er til nytte for skulen
- ppt deltek regelmessig i spes. ped. team møta på skulen

Å ha ein bestilling av ekstern kompetanse der ein er tydeleg på kva ein ynskjer, var ein ny tanke for nokon av dei tilsette. Det var ikkje alle på skulen som var nøgde med den hjelpa dei forventa av PPT. Mange var og usikre på kor mykje hjelp dei kan forventa, og kva PPT kan tilby. PPT seier at bestillinga frå skulen er variabel, alt frå grundige og utfyllande søknadar til enkle og ugrunna søknadar.

For å få til eit samarbeid bør skulen og læraren sjølv syta for å vera tydelege på kva hjelp dei ynskjer og kva skulen forventar av den eksterne kompetansen. Skulen bør kanskje ta opp til vurdering om dokumenta: "Plan for spesialundervisning" og "tilvisningsskjema til PPT" for å sjå om skulen treng meir konkrete og utfyllande skjema. Ein slik plan bør og tydeleggjere om det er behov for tilvising av ein elev, eller tilpassa undervisning på skulen kan betre resultatane.

Lærarar som har ansvar for eldre elevar ved skulen saknar konkrete tips og gode metodar frå PPT som er tilpassa alderen og som høver vanskane til



eleven med enkeltvedtak. Ikkje alle lærarane føler at dei har tilstrekkeleg kompetanse til å gje spesialundervisning. Andre kjenner på at det frå PPT kjem råd som ikkje samsvarer med opplæringa. For eksempel å redusera arbeidsmengda og ikkje stille krav til eleven, og dei har fått pålegg som er vanskelege å organisera ut frå ressursane. Ein del av desse råda som har vore gitt frå PPT, har vore vanskeleg å gjennomføra eller i strid med rett til vurdering og arbeid mot kompetansemåla. Det må og nemnast at ein del av lærarane var særns nøgde med den hjelpa og vegleiinga dei har fått frå PPT.

Frå "Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning" (utdanningdirektoratet) §6.6.2 heiter det:

"Forholdet mellom den sakkyndige vurderingen, enkeltvedtaket og IOP-en må avklares og ikke sammenblandes. Rettigheter og plikter er knyttet til enkeltvedtaket, og det er enkeltvedtaket som setter rammen for hva slags spesialundervisning eleven har krav på.(...)Det er skoleeier/skolen som avgjør hvor mye av den sakkyndige vurderingen som skal tas inn i enkeltvedtaket"

Lærarane er einige om at PPT gjev ei grundig sakkunnig vurdering. Så er det opp til skulen å avgjere kor mykje av den som skal brukast i ein IOP. Det er behov for ei avklaring mellom PPT og skulen kva ansvar og roller partane har ovafor kvart enkeltvedtak. Det må til ein dialog om kva partane kan forventast av kvarandre, om organisering av undervisninga og om kva som skal vera tema på møter der føresette er med. Arbeid mot nedbrotne kompetansemål frå LK06 bør vera med i ein IOP.

På skulen er det eit spesialpedagogisk team med rektor, spesialped.koordinator, sosiallærar og rådgjevar som skal møtast jamnleg. Slike møter er naudsynte for å få vurdert organiseringa og kvaliteten på undervisninga.

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- *personalet har ei felles forståing av omgrepet "tilpassa opplæring"*

Tilpassa opplæring er eit mantra i "Kunnskapsløftet" og i opplæringslova. St.meld. nr. 16 (2006-2007) på side 70:

Tilpasset opplæring er ikke et mål, men et virkemiddel for læring. Alle elever skal i arbeidet med fagene møte realistiske utfordringer og krav de kan strekke seg mot, og som de kan mestre på egen hånd eller sammen med andre. Elevene har ulike utgangspunkt og ulike behov i arbeidet med de nasjonalt fastsatte kompetansemålene

Gjennom samtalar med personalet kjem det fram at kva ein legg i dette omgrepet har vore drøfta på stega, men ikkje i fellestida for heile personalet.



Mange i personalet har klare meiningar om omgrepet, og skulen burde sett av tid til og drøfta og skriftleg-gjera kva **Jondal skule** legg i omgrepet.

- skulen kartlegg og vurderer den ordinære opplæringa
- vurderer jamnleg kvaliteten på det spesialpedagogiske tilbodet
- skulen vurderer jamnleg organiseringa av spesialundervisning.

5.1.2 Vurdering av hva som vil være tilfredsstillende utbytte av opplæringen, og om denne eleven får et tilfredsstillende utbytte av opplæringen

Når det er kartlagt hva den ordinære opplæringen består av, må det vurderes om dette tilbudet gir denne eleven et tilfredsstillende utbytte. Sentralt i denne vurderingen

er spørsmålet om den individuelle utviklingen og mestringen til eleven er så liten at særskilte tiltak bør settes i verk. Det må også vurderes om eleven kan få et tilfredsstillende utbytte ved at den ordinære opplæringen endres.

Opplæringslova føreset såleis at skulen må kartleggja og vurdere korleis den ordinære opplæringa er lagt opp, og om dette tilbodet er godt nok for læringsutbytte til eleven. Før foreldre/skulen søkjer om spesialundervisning, må det utarbeidast ein pedagogisk rapport om tiltak som er sett i verk og vurdert innaforden ordinære undervisninga.

Sitat frå "Veiledning til spesialundervisning" s. 85, om vurdering av kvaliteten på det spesialpedagogiske tilbodet:

Denne fasen består i å vurdere elevens utvikling og hvordan det opplæringstilbudet som eleven får, fungerer. Er det slik at eleven nå får et forsvarlig utbytte av opplæringen, jf. § 5-1 annet ledd.

Evalueringen skal gi grunnlag for eventuelt å justere det videre arbeidet, enten det gjelder innhold, arbeidsmåter, organisering eller metoder.

Forskning viser at det er svært vanskeleg å måla resultat av læring for elevar med spesialundervisning. Difor må skular vurdere jamnleg innhald og utbytte av denne undervisninga.

Denne vurderinga må også setja søkeljos på korleis undervisninga har vore organisert, i klassen, einetimar eller på basar.

- personalet som arbeider med spesialelevar er stabilt og
- det er høg terskel for byting av dette personalet

Dette er eit sterkt ønskje frå leiing og personalet ved skulen, men då det er små forhold og tilhøva er sårbare(sjukmelding, permisjonar mm.) kan det vera vanskeleg å få til.

Då talet på elevar med spesialundervisning er relativt høgt, kan det vera eit spørsmål om skulen må ta høgde for å sikra eit stabilt og kompetent personalet i timeplanarbeidet på våren.



- skulen har gode fysiske tilhøve for fleksibel undervisning

Gjennom samtalar med personalet har det kome fram at det ikkje alltid er lett å finna eigne rom/grupperom for spesialundervisning.

Skulen må difor, i samband med timeplanlegginga, laga eit system for bruk av ulike rom på skulen.

7 - Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Jondal 24.02.2011

Turid Solberg Mykkeltvedt

Marita Velure Steine



Vedlegg 1

Deltakarar i vurderinga:

Interne: elevar, personalet, foreldre

Eksterne: Turid S. Mykkeltvedt, Marita Velure Steine og leiar PPT i Kvam og Jondal

Tilpassa opplæring og spesialundervisning er svært viktig for alle barn si læring, difor eit så breidt spekter av informantar.

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV JONDAL SKULE

Vurderingstema: Tilpassa opplæring med fokus på spesialundervisning

Vurderingspar: Turid Mykkeltvedt og Marita Velure Steine

Tid	Aktivitet	Ansvar
Desember 2010	Vurderare tek kontakt med skulen og avtalar vurderingsveke (veke 8 2011)	Vurderar
31/1 2011	Formøte på skulen, først med rektor og så med personalet	Vurderarparet /rektor
31/1 2011	Endeleg vurderingstema vert avtala	Rektor
11/2 2011	Glansbilde sendt til skulen	Vurderarane
16/2 2011	Glansbilde godkjent av skulen m. endringar	Skulen/vurderarar
Veke 8	<p>Vurderingsveka: Mandag 21/2 2011 08.00 – vurderarane møter på skulen og får tilvist arbeidsrom 08.30 – samtale med gruppe (5) elevar frå 1-4 klasse 09.15 – samtale med gruppe elevar frå 5. og 6. klasse 10.00 – samtale med gruppe elevar frå 7. klasse 11.35 – møte med rektor 13.00 – samtale med gruppe frå 8.kl</p> <p>Arbeid med rapport og vedleggsrapport</p> <p>Tirsdag 22/2 2011 08.20 – 10.45 – observasjon i klassane 11.35 – Samtale med gruppe tilsette frå 1. -4. klasse 12.20 – Samtale med gruppe tilsette frå 5. – 7. trinn 13.15 – samtale med gruppe tilsette frå ungdomstrinnet</p>	<p>Rektor/vurderarane</p> <p>Vurderarane</p>



	<p>19.00 – 20.00 - Foreldremøte</p> <p>Onsdag 23/2 2011 08.20 – obsevasjon</p> <p>11.35 – samtale sekretær 13.00 –samtale med PPT</p> <p>Arbeid med rapport og vedleggsrapport</p> <p>Torsdag 24/2 Ferdigstilling av rapport og vedleggsrapport 14.10 Framlegging av rapport</p>	
--	--	--



Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Vurderarane fekk tilgang til diverse relevante dokument, til dømes arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga, ståstadsanalyse, årsplanar, vekeplanar og rutinar ang. spesialundervisning..

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med 11 av klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i ulike klassar på mellomsteget og på ungdomsskulen.